KONKURRANSEVILKÅR

Open tilbodskonkurranse
etter FOA del I og II

for anskaffing av

Veg og VA Berget 2

Ref. 2026/02

Innhald

1 OM OPPDRAGSGIVAR 3

2 OM ANSKAFFINGA 3

2.1 FORMÅLET MED OG OMFANGET AV ANSKAFFINGA 3
2.2 DELTILBOD 3

3 KONTRAKTSVILKÅR 3

3.1 GENERELLE KONTRAKTSVILKÅR 3
3.2 SÆRSKILDE KONTRAKTSVILKÅR 3
3.2.1 Krav til lønns- og arbeidsvilkår 3
3.2.2 Krav til betaling via bank 4
3.2.3 Krav til lærlingar 4
3.2.4 Avgrensing i talet på ledd i leverandørkjeda 4

4 VIKTIGE DATOAR 4

4.1 TIDSPLAN FOR KONKURRANSEGJENNOMFØRING 4
4.2 TILBODSSYNFARING/TILBODSKONFERANSE 4

5 REGLAR FOR GJENNOMFØRING AV KONKURRANSEN 5

5.1 ANSKAFFINGSPROSEDYRE 5
5.2 ATTEST FOR SKATT OG MEIRVERDIAVGIFT 5
5.3 OFFENTLEGHEIT OG TEIEPLIKT 5
5.4 VEDSTÅINGSFRIST 5
5.5 OPPDATERING AV KONKURRANSEGRUNNLAGET 6
5.6 TILLEGGSOPPLYSNINGAR 6
5.7 AVLYSING AV KONKURRANSEN 6

6 KVALIFIKASJONSKRAV 6

6.1 OM KVALIFIKASJONSKRAVA 6
6.2 STØTTE FRÅ ANDRE VERKSEMDER 6
6.3 ORGANISATORISK OG JURIDISK STILLING 7
6.4 ØKONOMISK OG FINANSIELL KAPASITET 7
6.5 TEKNISKE OG FAGLEGE KVALIFIKASJONAR 7
6.6 KVALITETSSIKRING OG MILJØLEIING 8

7 TILDELINGSKRITERIUM OG EVALUERING 9

7.1 TILDELINGSKRITERIUM 9
7.2 EVALUERING 9
7.3 KLIMA OG MILJØ 9

8 LEVERING AV TILBOD 10

8.1 LEVERING I KGV 10
8.2 UTFORMINGA AV TILBODET 10
8.2.1 Generelt 10
8.2.2 Krav til gjennomføringsplan 10
8.2.3 Innhald i tilbodet 10
8.3 ELEKTRONISK SIGNATUR 11

9 DOKUMENTA I KONKURRANSEGRUNNLAGET 11

9.1 DEL 1 KONKURRANSEVILKÅR 11
9.2 DEL 2 KONTRAKT 11

1 Om oppdragsgivar

Oppdragsgivar er Stranda kommune.

Kontaktpersonen til oppdragsgivaren for denne anskaffinga er.

Namn	Gry Loftesnes
Stilling	Ekstern rådgjevar
Telefon	473 96 115

All kommunikasjon med oppdragsgivaren skal skje gjennom KGV-eit til oppdragsgivaren. Dette gjeld også spørsmål og svar.

2 Om anskaffinga

2.1 Formålet med og omfanget av anskaffinga

Formålet med anskaffinga er å inngå kontrakt om kjøp av entreprenørtenester til veg og VA for Berget 2 i Stranda kommune.

Sluttfrist er 1. juni 2027.

Andre dagmulklagde fristar:

- Tilkomst til BKS2 og BKS3 - ferdigstilt 01.03.2027
- Tursti og VAO grøft frå kumgruppe 9 til kumgruppe 12 - ferdigstilt 01.05.2027
- Overlevering av komplett FDV-dokumentasjon – 15.06.2027

Fullstendig skildring av leveransen går fram av Del 2 Kontrakt med vedlegg.

2.2 Deltilbod

Det er ikkje høve til å gi tilbod på delar av oppdraget.

3 Kontraktsvilkår

3.1 Generelle kontraktsvilkår

Kontrakten blir regulert av kontraktsvilkåra i del 2, jf. pkt. 9.2.
NS 8406 med vedlegg vert lagt til grunn.

3.2 Særskilde kontraktsvilkår

3.2.1 Krav til lønns- og arbeidsvilkår

Kontrakten vil innehalde krav om lønns- og arbeidsvilkår, i samsvar med LOA § 5e.

Kontrakten vil innehalde krav om lønns- og arbeidsvilkår, i samsvar med LOA § 5f.

3.2.2 Krav til betaling via bank

Kontrakten vil innehalde krav til betaling via bank i samsvar med LOA § 5g.

3.2.3 Krav til lærlingar

Kontrakten vil innehalde krav til lærlingar i samsvar med LOA § 5h

3.2.4 Avgrensing i talet på ledd i leverandørkjeda

Kontrakten vil innehalde krav til avgrensing i tal ledd i leverandørkjeda i samsvar med LOA § 5k.

4 Viktige datoar

4.1 Tidsplan for konkurransegjennomføring

Oppdragsgivar har lagt opp til følgjande tidsrammer for prosessen:

Aktivitet	Tidspunkt
Tilbodssynfaring/tilbodskonferanse	27.08.2026 kl. 11.
Frist for å stille spørsmål til konkurransegrunnlaget	08.09.26 kl. 12
Frist for å levere tilbod	**17.09.26 kl. 12**
Evaluering	Veke 39
Eventuell dialog/reviderte tilbod	Veke 40/41
Val av leverandør og melding til leverandørar	Uke 41
Karensperiode	8 dagar
Kontraktsinngåing	Veke 42
Vedståingsfristen for tilbodet	90 dagar etter tilbodsfrist

Det blir gjort merksam på at tidspunkta etter tilbodsfrist er førebelse og kan bli utsette for justeringar. Ei eventuell forlenging av vedståingsfristen for tilbodet kan berre skje dersom leverandøren godkjenner dette.

4.2 Tilbodssynfaring/tilbodskonferanse

Oppmøte for tilbodskonferanse/ synfaring er på Brannstasjonen i Geiranger, veg 1152 i Geiranger 14. Oppdragsgjevar vil mellom anna halde ei orientering om tildelingskriteriet Klima og miljø i samband med tilbydarkonferansen. Påmelding til tilbodskonferansen/synfaring gjerast via KGV.

5 Reglar for gjennomføring av konkurransen

5.1 Anskaffingsprosedyre

Anskaffinga blir gjennomført i samsvar med lov 17. juni 2016 nr. 73 om offentlige anskaffelser (LOA) og forskrift 12. august 2016 nr. 974 om offentlige anskaffelser (FOA) del I og II. Konkurransen blir gjennomført som ein open tilbodskonkurranse, jf. FOA § 8-3.

Oppdragsgivar planlegg å gjennomføre dialog gjennom forhandlingar med ein eller fleire av leverandørane som gir tilbod i konkurransen. Forhandlingane vil kunne gjelde alle sider ved tilboda. Utveljinga av kven det skal forhandlast med, vil bli gjord etter ei vurdering av tildelingskriteria.

Forhandlingar blir ikkje gjennomførte dersom oppdragsgivar, etter at tilboda er mottekne, vurderer at forhandlingar ikkje er føremålstenlege. Dialog i form av rettingar/avklaringar blir gjennomført ved behov.

Leverandøren blir sterkt oppmoda om å følgje dei tilvisingane som blir gitt i dette konkurransegrunnlaget med vedlegg og eventuelt stille spørsmål om uklarheiter via KGV-eit til oppdragsgivaren.

5.2 Attest for skatt og meirverdiavgift

Vald leverandør skal på førespurnad levere attest for skatt og meirverdiavgift. Dette gjeld berre dersom vald leverandør er norsk. Oppdragsgivar kan hente inn skatteopplysningane via eBevis. Alternativt blir attest henta inn for skatt og meirverdiavgift manuelt.

Attesten skal ikkje vere eldre enn 6 månader rekna frå den datoen oppdragsgivar melder kven som har vunne konkurransen.

Ved byggje- og anleggskontraktar skal også alle underleverandørar levere attest for skatt og meirverdiavgift ved inngåing av kontraktar i tilknyting til oppdraget, som overstig kr. 500 000 ekskl. mva.

5.3 Offentlegheit og teieplikt

For innsynet til ålmenta i dokument knytte til ei offentleg anskaffing gjeld lov 19. mai 2006 nr. 16 om rett til innsyn i dokument i offentleg verksemd (offentleglova). Oppdragsgivar og dei tilsette hos oppdragsgivaren pliktar å hindre at andre får tilgang til eller kjennskap til opplysningar om tekniske innretningar og framgangsmåtar eller drifts- og forretningstilhøve som det vil vere av konkurransemessig viktigheit å halde hemmelege, jf. FOA §§ 7-3 og 7-4, jf. forvaltningsloven § 13.

5.4 Vedståingsfrist

Leverandøren må stå ved tilbodet sitt fram til tidspunktet som er oppgjeve i pkt. 4 ovanfor.

5.5 Oppdatering av konkurransegrunnlaget

Eventuelle rettingar, suppleringar eller endringar av konkurransegrunnlaget, samt spørsmål til konkurransen med svar i anonymisert form, vil bli formidla til alle leverandørar som har registrert interessa si for anskaffinga i konkurransegjennomføringsverktøyet (KGV).

5.6 Tilleggsopplysningar

Dersom leverandøren finn at konkurransegrunnlaget ikkje gir tilstrekkeleg rettleiing, eller er uklart, kan leverandøren be om tilleggsopplysningar hos oppdragsgivar via konkurransegjennomføringsverktøyet (KGV).

Dersom det blir oppdaga feil i konkurransegrunnlaget, ber vi om at dette blir formidla til oppdragsgivar via KGV.

5.7 Avlysing av konkurransen

Oppdragsgivaren kan avlyse konkurransen med omgåande verknad dersom det ligg føre sakleg grunn, jf. FOA § 10-4.

Manglande finansiering/godkjenning av tiltaket av Stranda kommunestyre vert rekna som sakleg grunn.

6 Kvalifikasjonskrav

6.1 Om kvalifikasjonskrava

For å få tilbodet sitt evaluert må leverandøren levere etterspurd dokumentasjon på at han oppfyller kvalifikasjonskrava saman med tilbodet.

6.2 Støtte frå andre verksemder

Dersom leverandøren støttar seg på kapasiteten til andre verksemder for å oppfylle kvalifikasjonskrava til økonomisk og finansiell kapasitet eller tekniske og faglege kvalifikasjonar, skal han dokumentere at han rår over dei nødvendige ressursane, til dømes ved å leggje fram ei forpliktingserklæring frå desse verksemdene.

Dersom ein leverandør støttar seg på kapasiteten til andre verksemder for å oppfylle krava til økonomisk og finansiell kapasitet, kan oppdragsgivaren krevje at dei er solidarisk ansvarlege for utføringa av kontrakten.

Dersom ein leverandør støttar seg på kapasiteten til andre verksemder for å oppfylle krava til utdanning og faglege kvalifikasjonar, eller krava til relevant fagleg erfaring, skal desse verksemdene utføre tenestene eller byggje- og anleggsarbeida som krev slike kvalifikasjonar.

6.3 Organisatorisk og juridisk stilling

Krav	Dokumentasjonskrav
Leverandøren skal vere registrert i eit føretaksregister, fagregister eller registrert i eit handelsregister i den staten leverandøren er etablert.	• Norske selskap: Firmaattest • Utanlandske selskap: Dokumentasjon på at selskapet er registrert i føretaksregister, fagregister eller eit handelsregister i den staten leverandøren er etablert.

6.4 Økonomisk og finansiell kapasitet

Krav	Dokumentasjonskrav
Leverandøren skal ha tilstrekkeleg økonomisk og finansiell kapasitet til å kunne utføre kontrakten. Kredittverdigheit utan krav til sikkerheit vil vera tilstrekkeleg til å oppfylle kravet.	Kredittvurdering som baserer seg på siste kjende rekneskapstal. Vurderinga skal vere utført av kredittopplysningsverksemd som har konsesjon til å drive slik verksemd. Oppdragsgivar tek atterhald om sjølv å hente inn ytterlegare kredittvurdering eller annan økonomisk informasjon som, men ikkje avgrensa til, årsrekneskap inkludert noter, årsberetningane til styret og revisjonsberetningar.

Dersom leverandøren har sakleg grunn til ikkje å leggje fram dokumentasjonen oppdragsgivaren har kravd, kan han dokumentere den økonomiske og finansielle kapasiteten sin ved å leggje fram eit anna dokument som oppdragsgivaren meiner er eigna.

6.5 Tekniske og faglege kvalifikasjonar

Krav	Dokumentasjonskrav
Krav til erfaring Leverandøren skal ha erfaring frå samanliknbare oppdrag. Med samanliknbare oppdrag meiner ein prosjekt som omfattar grunnarbeid av tilsvarande omfang og art som det dette prosjektet gjer.	Skildring av leverandøren sine samanliknbare oppdrag gjennomført i løpet av dei siste 3 åra. Skildringa må inkludere opplysningar om oppdrags-verdi, tidspunkt og oppdragsgivar (namn på oppdragsgivar og kontaktperson). Det er leverandøren sitt ansvar å dokumentere at oppdraga er samanliknbare gjennom skildringa. Fyll ut Vedlegg E Mal Oversikt over relevante oppdrag. Leverandøren kan dokumentere erfaringa ved å vise til kompetanse til personell han rår over og vil nytte til dette oppdraget, sjølv om erfaringa er opparbeidd medan personellet har utført teneste for ein annan leverandør.

Krav	Dokumentasjonskrav
Krav til fagleg leiing Leverandøren må ha fagleg leiing med relevant utdanning og praksis til å kunne erklære ansvarsrett som «utførande» i tiltaksklasse 2 innan følgande fagområde: • Veg- og grunnarbeid • Vannforsynings- og avløpsanlegg	Dokumentasjon som synleggjer at leverandøren har relevante faglege kvalifikasjonar for å gjennomføre tiltak som «utførande» tilsvarande tiltaksklasse 2 innan dei to fagområda, eller sentral godkjenning i tiltaksklasse 2 innan dei to fagområda. Sjå også bestemmingane i Byggesaksforskriften kapittel 11.
Krav til kompetanse- utførande personell • Leverandør må disponere over minimum ein ressurs som har gyldig ADK1-sertifikat • Leverandør må disponere over minimum ein ressurs som har gyldig elektromuffesertifikat, eller gyldig sertifikat for speilsveising	Kopi av gyldige sertifikat. Hugs forpliktingserklæring (vedlegg D), dersom de må nytte underleverandør for å oppfylle dette kravet.

6.6 Kvalitetssikring og miljøleiing

Leverandøren kan ikkje støtte seg på underleverandør for å oppfylle desse krava.

Krav	Dokumentasjonskrav
Leverandøren skal ha implementert eit kvalitetssikringssystem som er dekkjande for kvalitetssikring av ytingane under kontrakten.	Dersom leverandøren har eit kvalitetssikringssystem som er sertifisert av eit uavhengig akkreditert organ, er det tilstrekkeleg å levere kopi av sertifiseringsattesten. Dersom kvalitetssikringssystemet ikkje er sertifisert, skal det leverast oversikt over innhaldet i systemet, samt ein kort skildring av korleis dette er dekkjande for ytingane under kontrakten.
Leverandøren skal ha implementert eit miljøleiingssystem som er dekkande for ytingane under kontrakten.	Dersom leverandøren har eit miljøleiingssystem som er sertifisert av eit uavhengig akkreditert organ, er det tilstrekkeleg å levere kopi av sertifiseringsattesten. Dersom miljøleiingssystemet ikkje er sertifisert, skal det leverast oversikt over innhaldet i miljøleiingssystemet samt ein kort skildring av korleis dette er dekkjande for ytingane under kontrakten.

7 Tildelingskriterium og evaluering

7.1 Tildelingskriterium

Tildelinga vil skje på grunnlag av kva tilbod som har det beste forholdet mellom pris og kvalitet, basert på følgjande kriterium:

Kriterium	Krav til dokumentasjon
Pris Tilbodssum vert rekna som følgjer: - Tilbodssum inkl. eventuelle korreksjonar ekskl. mva. For meir om evaluering, sjå pkt. 7.2.	• Ferdig utfylt Vedlegg 2b Tilbodsbeskrivelse veg- og VA-anlegg • Ferdig utfylt tabell i Del 2 Avtaledokument NS 8406, punkt 2
Klima og miljø Klima og miljø vert evaluert basert på utslepp frå massetransport, asfaltproduksjon og maskinbruk. Dette vert rekna i kg CO_2-ekvivalenter (CO_2e) for følgjande: - Massetransport - Asfalt - Maskinbruk på anleggsplass Påslag basert på utslepp vert evaluert som følgjer: Tilbydar med lågast CO_2-utslepp får ikkje påslag på tilbodssummen. Andre tilbydarar får eit påslag på 7,50 NOK/kg CO_2e, basert på differansen til tilbodet med lågast CO_2-utslepp. For meir om evaluering, sjå pkt. 7.2 og 7.3.	• Utfylt del 2 vedlegg 9 Kalkyle CO_2e • EPD asfalt • Evt. annan dokumentasjon for utsleppsfaktorar For EPD asfalt gjeld følgjande: Det skal leverast EPD iht. EN 15804 +A2: 2019 og godkjent av eitt eller fleire medlemar av type «Established ECO EPD Programme Operator» i Eco-plattform (m.a. EPD-Norge, Environdec og IBU) for asfalt som skal nyttast. Denne skal omfatta modulane A1-A3.

7.2 Evaluering

Tilbodssum vert evaluert basert på utfylt tabell i del 2 Avtaledokument NS 8406 punkt 2 Kontraktssum. Tilbodssummen vert kontrollrekna basert på utfylt vedlegg 2b 2515 Tilbodsbeskrivelse veg- og VA-anlegg.

Tilbodssum pluss påslag for utslepp, jf. tildelingskriterium Klima og miljø, utgjer evalueringssummen som vert lagt til grunn ved samanlikning av tilboda.

7.3 Klima og miljø

I samsvar med FOA § 5b skal oppdragsgjevar ivareta klima og miljø i alle anskaffingar for å redusere samla klimaavtrykk og miljøbelastning i anskaffinga. I denne konkurransen har opp oppdragsgjevar

vurdert at ein kombinasjon av tildelingskriterium saman med minstekrav til klima og miljø gjev best klima og miljøeffekt.

Klima og miljø vert evaluert gjennom prispåslag for CO_2-utslepp basert på rekning av CO2-ekvivalentar, for massetransport, asfalt og maskinbruk på anleggsplass. Tilbydar med lågast CO_2-utslepp får ikkje påslag på tilbodssummen. Andre tilbydarar får eit påslag på 7,50 NOK/kg CO_2e, basert på differansen til tilbodet med lågast CO_2-utslepp. I Statens Vegvesen sine asfaltkontrakter er det lagt til grunn at eit påslag på 7,50 NOK/kg CO_2e tilsvarar vekting tilsvarande 30 %. I tillegg inneheld 4b Miljøplan og vedlegg 2b 2515 Tilbodsbeskrivelse samla ei rekke minstekrav til klima og miljø, som til dømes krav til bruk av biodiesel, mannskapstransport med nullutsleppskøyretøy og 3. parts sertifiserte miljømerke på utstyr på leikeplass. Oppdragsgjevar legg òg opp til at oppgravde massar på anleggsområdet vert nytta på staden.

8 Levering av tilbod

8.1 Levering i KGV

Tilbodet skal leverast via oppdragsgivars KGV.

Tilbodet skal i sin heilskap leverast etter den utforminga KGV angir, innan tilbodsfristen. Innlevering av tilbod per e-post eller liknande vil føre til avvising av tilbodet.

8.2 Utforminga av tilbodet

8.2.1 Generelt

Leverandøren skal fylle ut og svare på alle punkta i konkurransedokumenta. Dokumentasjon skal lastast opp som PDF-filer dersom ikkje anna format er spesifisert.

8.2.2 Krav til gjennomføringsplan

Det er eit krav at leverandøren leverer ein gjennomføringsplan saman med tilbodet. Planen skal være i samsvar med oppsette fristar, jf. Del 2 Avtaledokument NS 8406 og Del 2 Kontraktsgrunnlag. Planen skal som minimum synleggjere relevante milepålar, avhengigheiter, risikoar og tiltak.

8.2.3 Innhald i tilbodet

Dokument som skal fyllast ut og/eller leverast saman med tilbodet er:

- Vedlegg A Tilbodsbrev – fylt ut, og signert (om ein ikkje nyttar elektronisk signatur ved innlevering, sjå avsnitt under, då er det tilstrekkeleg å berre fylle ut)
- Vedlegg B og Vedlegg C - dersom relevant
- Vedlegg D Forpliktingserklæring, utfylt og signert, dersom ein støtter seg på underleverandør til å oppfylle kvalifikasjonskrava, jf. punkt 6.2 over
- Dokumentasjon på kvalifikasjonskrava – jf. kap. 6 over.
- Dokumentasjon på tildelingskriteria, jf. kap. 7 over:
    - Utfylt del 2 vedlegg 9 Kalkyle CO_2e
    - Utfylt tabell i Del 2 Avtaledokument NS8406 – punkt 2

    - Utfylt Vedlegg 2b 2515 Tilbodsbeskrivelse Veg- og VA-anlegg, xml-fil, *med kopi i pdf.*
- Organisasjonsplan og oversikt kontraktsmedhjelparar/underleverandørar – leverandørens eigen – inngår som vedlegg 6 i kontrakt.
- Gjennomføringsplan – leverandørens eigen – inngår som vedlegg 7 i kontrakt.

Tilbodet skal vere bindande. Leverandøren har risikoen for uklarheiter i tilbodet.

8.3 Elektronisk signatur

Vi tilrår leverandørane å nytte elektronisk signatur for å autentisere seg ved innlevering av tilbod. Elektronisk signatur kan bestillast på www.commfides.com, www.buypass.no eller www.bankid.no.

9 Dokumenta i konkurransegrunnlaget

9.1 Del 1 Konkurransevilkår

Vedlegg	Dokumentnamn
	Konkurransevilkår (dette dokumentet)
Vedlegg A	Mal tilbodsbrev
Vedlegg B	Mal eigeerklæring teieplikt
Vedlegg C	Mal avvik
Vedlegg D	Mal forpliktingserklæring
Vedlegg E	Mal Oversikt over relevante oppdrag

9.2 Del 2 Kontrakt

Vedlegg	Dokumentnamn
	NS 8406 Avtaledokument Kontraktsgrunnlaget, med følgjande vedlegg:
Vedlegg 1a	Dokumentliste
Vedlegg 2b	2515 Tilbodsbeskrivelse Veg- og VA-anlegg (PDF av utfylt xml-fil)
Vedlegg 3a	Teikningshefte Berget 2
Vedlegg 3b	Teikningar kabelgrøfter elforsyning
Vedlegg 3c	Telenor fiber
Vedlegg 3d	Teikning VK12-A og VK12-B
Vedlegg 4a	SHA plan Berget 2
Vedlegg 4b	Miljøplan
Vedlegg 5a	Foto av natursteinsmur
Vedlegg 5b	Lunneplass for skog på Gjørva
Vedlegg 5c	Graving-/fundamentering og dokumentasjon - Linja
Vedlegg 6	Entreprenøren sin organisasjonsplan og oversikt over underentreprenørar
Vedlegg 7	Gjennomføringsplan
Vedlegg 8	Seriøsitetsbestemmelser
Vedlegg 9	Kalkyle CO2e
NS 8406	Ikkje lagt ved